

– Bør diskutere kommunesamanslåing

– Det er eit sterkt press frå sentralt hald for å få til kommunesamanslåing. Venstre er for, men skal eg seie ja så må det løne seg. Men det bør diskutere.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det seier ordførar og venstremann Olav Kasland. Sjølv er Kasland for kommunesamanslåing, det er også partiet sitt standpunkt, men han har eit par absolute overordna krav.

– Det må gjere lokaldemokratiet sterkare og det må løne seg økonomisk, meiner Kasland.

– Korleis kan ein større kommune gjere lokaldemokratiet sterkare?

– Ved å flytte ut fleire statlege institusjonar. I dag er 40 prosent av offentleg tenesteyting kommunal. Resten er fylkeskommunal eller statleg. Eg vil helst at 50 prosent, gjerne 60 prosent av tenestene skal vere kommunale, seier Kasland.

Han meiner at det fører til at tenestene blir utforma der folk brukar dei, ikkje av folk i Oslo. Lokaldemokratiet i seg sjølv kan fungere like godt i ein liten som i ein stor kommune, meiner ordføraren. Men dei små kan ikkje ta på seg like store oppgåver som dei store. Eit eksempel meiner han er samhandlingsreforma. Det er ei reform som han ønskjer, men han meiner den er kraftig underfinansiert. Eit anna eksempel er at behov for auka ressursar

til tre brukarar av kommunale tenester i år kostar tre millionar kroner.

– Det er det vanskeleg å handtere i Bø, i ein større kommune med ein større økonomi er det enklare, meiner Kasland.

Open for ulike alternativ

– Om Bø skal vere del av ein større kommune, korleis skal den vere då, Midt-Telemark eller bør ein også ta med for eksempel Notodden?

– Eg er open for alle initiativ. Det må me ta opp til grundig debatt. Men for at me skal realitetsbehandle det må det liggje inne ein økonomisk gevinst. Å slå saman tre fattige kommunar i Midt-Telemark for eksempel, blir ingen rikare av. Målet er å gje betre tenester og me må få ein betre økonomisk situasjon, elles er det uaktuelt. Den økonomiske forbetringa må også vare over tid, ikkje berre vere ei gulrot, understrekar Kasland.

Motargument

Argument mot samanslåing meiner Kasland er at tilgjengelegheita til politikarane blir dårlegare og ein kan få meir byråkratisering.

– Men eg er også redd at staten skal tru at den kan effektivisere ved å slå saman kommunar. Då kan han berre gløyme det, understrekar Kasland.

– Samanslåing kontra samarbeid som det i Midt-Telemark?

– Reint demokratisk meiner eg at ein felles kommune er betre. Men det er eit trinn på vegen og



det er betre enn å gjere ting åleine. Det er nest best, meiner Kasland.

– Mange viser til det som er

gjort i Finland og Danmark, derfor er det lurt å diskutere kommunesamanslåing før saka kjem på dei offisielle saksakta. Noreg

forandrar seg. Me hadde mange fleire kommunar rett etter krigen, eg har ikkje høyrte nokon som vil tilbake til det, påpeikar Kasland.

Positive Bø-politikarar

Ein ringerunde viser at politikarane i Bø stort sett er positive til tanken om kommunesamanslåing, men det må vere frivillig.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Eg er i utgangspunktet open for slike prosessar. Samfunnet utviklar seg og det kan vere fornuftig med ny organisering.

Det seier Arne Storhaug (Ap). Han seier at dette er ei haldning han har hatt lenge og den var også noko av grunnen til midt-telemarkssamarbeidet.

Storhaug meiner det vil vere naturleg å ta utgangspunkt i Midt-Telemark, men at ein også

må vere open for at nokre kjenner seg knytt til andre, som deler av Sauherad og Nome. Det kan også vere naturleg å sjå vestover til for eksempel Seljord og Vefall.

– Det må vere formålsteneleg. Det må vere tenestene ein yt som er viktig, ikkje kvar grensene går, understrekar Storhaug.

Positiv Sp-ar

– Eg er positiv. Føresetnaden er at ein er einige. Det må også vere av økonomiske årsaker og til fordel for innbyggjarane, seier Rønnaug Woxen Thoen (Sp).

Ho ser Midt-Telemark som mest naturleg utgangspunkt, men forstår det om for eksempel Hjuksebø kjenner seg meir knytt til Notodden.

Gammaldagse grenser

– Bøheringane er positive viste ei tidlegare spørjeundersøking, men det må ikkje skje med tvang, seier Bjørn Magne Langkås (Frp).

Han meiner at ein må ta innover seg at dagens grenser vart trekte i ei tid då hesten og kanalen var transporten.

– Men det skjer ikkje noko over natta. Ein må også ha orden i eige hus økonomisk først, seier Langkås.

Treng større einingar

– Ein moderne stat krev større einingar lokalt. Eg trur at å lage større kommunar og å ta vekk fylkeskommunen er vegen å gå, men det bør kome etter ei folkeavstemming og er langt framme i

tid, meiner Frode Lieungh.

– Partiet har ikkje konkludert, me skal ha eit møte om tema for å høyre forskarane. Personleg synest eg det er interessant å sjå kva ein kan få ut av det. Ein del ting blir meir komplekst og det krev større og meir robuste fagmiljø, seier Per Atle Einan (SV).

Han trekkjer fram pleie- og omsorgssektoren og samhandlingsreforma som felt som peikar seg ut som grunn enten for samanslåing eller samarbeid. Kvar grensene bør gå har han ikkje konkludert, men meiner at eit Midt-Telemark utan Ulefoss for eksempel, blir redusert.

Folk må ønske det

– Dette er ikkje noko tema me har diskutert. Personleg ser eg at

det kan kome, men trur ikkje tida er mogen. Eg meiner også det må vere eit ønske blant folk, ikkje noko som politikarane ønskjer, seier varaordførar Dag Sele (KrF).

Han tykkjer samarbeidet i dag i Midt-Telemark fungerer godt. Det må heller ikkje vere motstand mot ei samanslåing. Då kan gevinsten vere tapt.